



Optimistisk Uskedal-kvartett før kampen: Anita Simensen, Reidun Musland, Ida Røssland og Merete Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kretsmeisterskapen glapp såvidt for Rosendal søndag ettermiddag - med tre uskedelinger på laget. Hordabø frå Radøy fekk inn sigersmålet i det 87. minutt på Rosendal stadion etter at dei fleste hadde førebudd seg på ekstraomgangar. Kampen endte dermed 4-3 til gjestane.



Hege Lekva på sidelinja: Rosendal kunne godt ha vunne! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Men det kunne like godt vore heimelaget som hadde vunne, for dei spela svært bra, sa uskedelingen Hege Lekva som har vore ein klippe på Rosendal-laget men som vart sett utanfor tidlegare i år på grunn av ein skade. Ho måtte innrømme at det kribla der ho stod på sidelinja.
- Og hvis du hadde vore med hadde sigeren vore innan rekkjevidde?
- Nei, deg trur eg ikkje!

Dei tre uskedelingane var Anita Simensen, Ida Røssland (nestyngst på laget med sine 16 år) og Reidun Musland. Merete Haugland var blant innbyttarane, men spela ikkje.



Uskedalen var godt representert under KM-oppgjeret - her er lagleiar Jofrid Eik og dommar Svein Arild Kjærland (Foto: Ola Matti Mathisen)



Hildegunn Guddal er ein svært lovande spiss på Rosendal-laget. (Foto: Kvinnheringen)

Kampens store spelar frå Rosendal-synspunkt var ikkje uventa Hildegunn Guddal (20), som scora alle tre måla til laget og viste stort talent, utruleg rask og med stor gjennombrøtsvilje.

Men heile laget gjorde ein bra figur og det er ikkje vanskeleg å vera samd med trenar Stig Dagfinn Tveiten som før kampen vona at både Rosendal og Hordabø ville veisa seg fram som verdige, nye tredjedivisjonslag.

Dei var relativt jamnbyrdige og kampen var prega av fart og spenning.

På førehand hadde Rosendal all grunn til å ha stor respekt for gjestene, for dei har scora over 70 mål i serien og berre tapa ein kamp medan dei har vunne 12! Men heldigvis let dei ikkje denne respekten overmanna dei.

Og sjølv om Rosendal ikkje vann søndag har laget gjort ein innsats denne sesongen som det er vel verd å ta av seg hatten for. Då treninga starta sist vinter var det ingen som snakka korkje om opprykk eller siger i serien. Mykje av grunnlaget vart lagt i vinter med godt treningsframmøte og gode treningstilhøve.

Frammøtet dabba litt utover hausten, men trenaren er imponert over innsatsen. Treningen har gått føre seg både i Rosendal, på Husnes og i Uskedalen og laget har spelarar frå heile kommunen. Aldersspennet er heilt frå 15 (Tonje Skåla) til 30 år, og på laget er det både skule-elevar, mødre med små barn og spelarar som bur vekke. Men her har det ikkje skorta på innsatsvilje. Stort sett har dei klart å stilla med 14-15 spelarar til seriekampane.

Av Ola Matti Mathisen



Rosendal-spissane var pågåande og friske, men KM-sigeren glapp såvidt. (Foto: Ola Matti Mathisen)